

## Årsmelding 2017 for Vestnes Eldreråd.

Lov om eldreråd i kommunar og fylkeskommunar, ble satt i verk frå 01.01.1992.  
I § 3 i loven heiter det:

### § 3.(Oppgåvene for kommunale eldreråd)

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

### Vestnes Eldrerådet har hatt følgjande samansetning:

#### 2 politiske valde representantar med personlege vara:

Lars Fjørtoft (V) ( <b>Leiar</b> )	vara Jarle Lid (Frp)
Karin Pedersen (Ap)	vara Inge Bergum (Ap)

#### Valde representantar frå dei ulike pensjonistlaga med vara:

<b>Tomrefjord pensjonistlag</b>	Signe Kristina Frostad	vara Asbjørg Aas
<b>Vestnes pensjonistlag</b>	Kaare Lervik ( <i>frå 31.10.2017</i> )	vara Ruth Bergem Osdal
	Øyvind Hoem ( <i>til 01.10.2017</i> )	
<b>Tresfjord pensjonistlag</b>	Knut-Arne Romestrand	vara Gunnar Daugstad
<b>Vike pensjonistlag</b>	Arne Vike ( <b>Nestleiar</b> )	vara Oddvar Nordgård

For 2017 har Vestnes Eldreråd fått ein betre saksgang. Dei aller fleste sakene som skal opp til politisk handsaming, og som Vestnes Eldreråd bør uttale seg om, blir fyrst handsama i Eldrerådet. Dette er positivt. Da vil Vestnes Eldreråd sine vedtak verte lagt fram i politiske fora før endeleg vedtak der blir gjort.

I fyrste halvår 2017 har det vore 3 møte i Vestnes Eldreråd. Det var 14.02, 25.04. og 12.06. I det fyrste møte fekk Eldrerådet ei grundig innføring i det nye helsehuset som er under planlegging. Både administrasjonssjef Tone Roaldsnes og helse- og kommunalsjef helse- og sosial Greta Bjerke orienterte om dei omfattande planane som må til for å få eit tilfredsstillanda Helsehus som fungerer slik føresetnadene er.

I samband med planlegginga av Helsehus, var det fleire komitear eller arbeidsgrupper som skulle kome med innspel i denne prosessen. To av Vestnes Eldreråd sine medlemar, Arne Vike og Signe Frostad, var med i denne prosessen.

Eldrerådet har i 2017 fått lagt fram dei reguleringsplaner og reguleringsendringar som vert handsama i planutval, formannskap og kommunestyre. Dette er ei god utvikling for dei saker som Eldrerådet bør handsame. I desse 3 møte fekk Eldrerådet lagt fram reguleringsplan for Vikebukta sentrum, og reguleringsendring på Lid (Gjerde 2), reguleringsplan for Livneset, reguleringsplan for Vestnes Renovasjon A/S og bustadfelt i Fiksdal. Jan Rune Jacobsen har vore i Eldrerådet og forklart innhaldet i desse planane og dette har vore til stor nytte.

Verdens aktivitetsdag er 10.mai. Her er det opp til pensjonistlag eller liknande lag å markere dagen. Eldredagen er 1.oktober. Vestnes Eldreråd har hatt ansvar for at denne dagen blir markert på ein positiv måte. I 2017 var det Tomrefjord songlag som fekk oppgåva. Denne oppgåva løyste dei på ein flott måte. Eldrerådet har vedtatt at for 2018 er det Tresfjord Bygdekvinnelag som skal stå for arrangør. Dette laget har vore aktivt i mange år, og har opparbeida seg stor kompetanse på å være arrangør av slike arrangement.

I andre halvdel av 2017 vart det halde 4 møte. 19.09, 11.10, 31.10 og 29.11.2017. Møte den 11.10 og den 29.11 hadde fyrst ein felles del med Rådet for funksjonshemma. På møta i Eldrerådet får ein som oftast ei rekkje saker til orientering. Herunder kjem saker som Fylkeseldrerådet har teke opp. Dette er viktige saker som gjeld dei eldre i heile landet og ofte spesielt dei eldre i Møre og Romsdal fylke.

Ei sak som vart teke opp var kulturliv og frivilligheit, der integrering er viktig. Her har administrasjonen arbeid mykje og kome fram til ei god oversikt over tilhøva i Vestnes kommune, samt tiltak som kan settast i verk. Når det gjeld frivilligheit, er dei eldre ofte ein del av denne frivilligheita med personar som deltek aktivt.

Helse- og sosialsjefen har gjort ein stor innsats for å holde Eldrerådet oppdatert på dei oppgåver som etaten arbeider med. Også nye tiltak og spesielt planlegging og prosjektering av nytt helsehus har kommunalsjef helse- og sosial halde Eldrerådet orientert om på ein framifrå måte.

Som før nemnd har to av møta i andre halvdel av 2017, hatt ein del av møta felles i lag med Rådet for funksjonshemming. Administrasjonssjefen ga ei grundig orientering om Handlingsplanen. Ga ei god orientering om dei aukande oppgåver som kommunane etter kvart får, og dei større krav som blir sett til løysning av oppgåvene. I praksis betyr dette at kompetansen til den tilsette må aukast og det må til fleire tilsette.

Kommunalsjef for økonomi/plan Magne Værholm ga ei detaljert orientering over budsjettframlegget for 2018 for Vestnes kommune. Vidare dei framlegg til økonomi for dei neste åra i kommunen. Desse to sakene er sers viktige for Eldrerådet. Her ser ein korleis alle kommunale midlar vert fordelte på dei mange oppgåvene som kommunen har. Som oftast er overføringane frå Staten ikkje nok til å dekke utgifter til auka kostnader innanfor den einskilde sektor, eller til nye tiltak som blir lagt på kommunen.

Vestnes Eldreråd har i 2017 fått lagt fram til handsaming dei aktuelle saker som Eldrerådet skal få framlagt. Eldrerådet set størst pris på administrasjonen si grundige oppdatering ein får til ein kvar tid på dei aktuelle sakene som gjeld dei eldre i Vestnes kommune. Gjennomgang av prosessen når det gjeld planlegging av det nye helsehuset, er ein av dei viktigaste sakene som Vestnes Eldreråd har.

Eldrerådet er svært nøgd med oppfølginga frå administrasjonen i kommunen. Ein er og spent på om dei økonomiske tilhøva for kommunane vil fortsatt gje dei eldre eit godt tilbod framover.